

Wattn er finalist i den internasjonale kåringa av dei beste merkevarene i verden

Straumselskapet Wattn har tatt seg heilt til finalen i CHARGE Energy Branding Award 2022, ei internasjonal kåring av dei beste merkevarene og fagfolka på tvers av den globale energimarknaden. Av over 130 nominerte i Europa, står Wattn igjen som ein av dei 12 finalistane.

- *«Vi er utruleg stolte over det vi har fått til, og at vi har blitt lagt merke til ikkje berre lokalt og nasjonalt, men også internasjonalt», seier leiar for marknad i Wattn, Inger Lise Vereide.*

Wattn er nominert i kategorien «World's Best Challenger Brand», og kåringa finn stad på Reykjavik 17.oktober. I kriteria for finalistane har CHARGE sett på ekte energiteknologiske innovatørar som har nytta banebrytande løysingar for å styrke kundane sine. Dei har i tillegg sett på selskap som utviklar løysingar og set fokus på det som trengs for å skalere seg mot det grønne skiftet.

- *«Vi har jobba tett saman med kundane våre på produktutvikling, og målet vårt er å gjere straum enklare å forstå og meir tilgjengeleg gjennom smart teknologi. Når vi kjenner på behova og krava frå marknaden, kan vi gjere grep som treff kundane», seier CEO i Wattn, Øystein Vikingsen Fauske.*

I tillegg til appen og bedriftsportalen, som begge er nyttige verktøy for kundane å følgje med på forbruk og kostnader, har Wattn sidan oppstarten lansert fleire smarte tenester. Nyleg lanserte dei effektvarsling knytt mot den nye nettleigemodellen, som den første i Norge. I løpet av hausten vil det kome fleire nyhende som vil kome kundane til gode i form av sparte straumkostnader.

- *«Vi lanserte Wattn for under eitt år sidan, og at vi har kome hit er eit resultat av hardt arbeid, godt samarbeid og vilje til å få til noko saman. Dette gir oss ekstra energi til å jobbe vidare med spennande prosjekt i tida framover. Dette er ein siger for oss, uansett utfall», avsluttar Vereide.*

Vedlegg:

Om Wattn

Straumselskapet Wattn er skapt og eigd av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa, Sognekraft, Stryn og Vestlandsenergi. Wattn har framtidretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraft. Gjennom løysingar ynskjer vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnadar og forbruk. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn og Kvinnherad, og vil fortsette med å vere like lokale som tidlegare, berre med eit endå større kompetanseteam.

Det er selskapa som driv med rådgjeving og sal av straum i dei fire konserna som har slått seg saman. Dei resterande selskapa i dei fire konserna er ikkje omfatta av samarbeidet og vil halde fram som før.

Kontaktinformasjon:

Øystein Vikingsen Fauske, CEO

Telefon: 924 61 952

E-post: oystein.vikingsen.fauske@wattn.no

Inger Lise Vereide, Leiar marknad

Telefon: 905 79 959

E-post: inger.lise.vereide@wattn.no

